



Kommunereforma – regional ressursgruppe

Møtereferat

Møtestad: Fylkesmannen i Rogaland

Tidspunkt: 20. januar 2015 10:00-12:00

Medlemmer/deltaking:

Fylkesmannen	Magnhild M Kleppa, Harald Thune, Lone M Solheim, May B Jensen, Sølvi Ona Gjul, Anfinn Rosnes
KS	Hilde G Bjelde, Magne Fjell, Helene Arholm, Frode M Ingvaldstad
Jærrådet	Ane Mari Braut Nese
Dalanerådet	Marthon Skårlund
Ryfylkerådet	Forfall
Haugaland vekst	Karl Tormod Karlsen, Caroline Stensland
Rogaland fylkeskommune	Janne Johnsen, Håkon Schwalb
Sandnes kommune	Pål Morten Borgli
Stavanger kommune	Bjørg Tysdal Mo, Kristine C Hernes
Distriktsenteret	Birte K Fossheim
NHO	Hallvard Ween
LO	Forfall
IRIS	Einar Leknes

Møteleiar: Magnhild Meltveit Kleppa

1. Informasjon frå fylkesmannen om status i reformarbeidet

- Mål med reforma
- Fylkesmannen si rolle – skal gi råd til KMD hausten 2016
- Organisering av arbeidet hos fylkesmannen
- Tett samarbeid med KS
- Er prosessar i alle regionar av fylket
- Dette forum er tenkt som ein viktig ”møteplass” – jf forslag til mandat
- Kva fylkesmannen ventar av kommunane. Skriftleg melding om status innan 1. mars 2015. Viktig å starte tidleg med vedtak i 2016. Endeleg vedtak i kommunen innan 1. juli 2016.
- Kjem eit opplegg frå KMD for innbyggjarinvolvering
- Ekspertutvalet sin siste rapport er grunnlag for Stortingsmelding nå til våren
- Suksesskriterier – informasjon, leiing, openheit

2. Mandat

Det blei konkludert med at forslag til mandat blir å oppfatte som endeleg mandat for gruppa.

Endeleg mandat:

Ressursgruppa er sett saman av representantar frå Fylkesmannen i Rogaland, KS Rogaland, Rogaland fylkeskommune, NHO Rogaland, LO Rogaland, Distriktsenteret, IRIS og kommunar. Det kan vere aktuelt å invitere andre representantar til enkeltmøte etter behov. Gruppa skal bidra med informasjonsutveksling og faglege råd og støtte til fylkesmannen og KS i sitt arbeid med kommunereforma. I dette ligg deling av kunnskap om prosessen i fylket, framdrift, utfordringar og behov. Fylkesmannen leiar gruppa og har sekretariatfunksjonen. Det blir lagt opp til 3-4 møte i året. Ressursgruppa er ei rådgjevande gruppe som ikkje gjer bindande vedtak.

3. Status om arbeid i dei ulike regionar

Kort orientering om status ved representantane frå dei ulike regionar.

Oppgåvefordelinga mellom kommunalt, regionalt og statleg nivå blei drøfta. Fylkeskommunen arrangerer eit eige møte om regionalt nivå den 26. januar.

Distriktsenteret skal hente inn kunnskap om lokal samfunnsutvikling, og vere ein støttespelar for fylkesmannen. Lokaldemokratirettleiar kjem i løpet av våren.

4. Prosess-samling 17. mars

Frå fylkesmannen blei det informert om annonsert prosess-samling i mars med kommunane som hovudmålgruppe. Det kom fram ein del innspel til programmet. Fylkesmannen har dialog med KS om endeleg program.

Påmeldingssystem vil bli lagt ut på Fylkesmannen si heimeside. Det er tenkt både politisk og administrativ leiing i kommunane som målgruppe (3-4 frå kvar kommune), men også andre aktørar (fagorganisasjonar, næringsliv, interessegrupper,...)

5. Open post

Noko av det som kom opp:

- Ønskje om at Fylkesmannen lagar ei god framstilling (kart) om status i dei ulike kommunane på nettsida
- Sveio og Etne må bli inviterte til aktuelle forum
- Initiativ frå Rogaland fylkeskommune om eit arrangement med fokus på kultursektoren
- Statsetatsmøte er ein arena for informasjon
- Samling om informasjonsarbeid på Bryne 27/1

Neste møte blir 20/5 14:30-16:30

*Anfinn Rosnes
referent*